

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.1	Knut Øyjordet	14.04.21	16/21

**ANG. STORVILTJAKTA VED GJENDE I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK***Saksdokument:*

1. Sak 39/20 i fjellstyret.
2. Sak 4/21 i Lom fjellstyre.

*Saksutgreiing:*

I sak 39/20 behandla fjellstyret opplegget med hjortjakt ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, og fatta følgjande vedtak:

*For jakt på elg og hjort ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, så meiner fjellstyret at med dagens hjortebestand ved Gjende, så bør det vidareførast eit tilbod om hjortejakt her.*

*Fjellstyret meiner det pr. i dag ikkje er stor nok elgbestand til å opne for jakt att.*

*Fjellstyret meiner at det teljande arealet som vart revidert sist gong i 1991 da det var elgjakt i Gjendeområdet, ikkje er dekkjande for arealbruken til hjortebestanden der i dag. Fjellstyret meiner det difor må takast ein ny gjennomgang av det teljande arealet, som da blir grunnlag for ei eventuell ny vurdering av fordeling av jakta og inntektene. Eit alternativ er å behalde dagens teljande areal, men at det blir ei 50/50-delning på fordeling av hjortejakt og inntekter. Eit tredje alternativ som fjellstyret håpar ikkje blir aktuelt å måtte vurdere, er å avslutte samarbeidet om felles jaktområde, slik at fjellstyra har kvart sitt opplegg for hjortejakt på «sin» grunn.*

*Inntil det blir ei avklaring på fordeling ang. hjortejakta, tykkjer fjellstyret det er greitt at dagens fordeling av jakta blir vidareført inntil vidare, og at det da for 2021 er jaktlag frå Vågå sin tur.*

Saka vart sendt til Lom fjellstyre, som behandla spørsmål om storviltjakt ved Gjende, arealfordeling og tildeling av jakta i sak 4/21. Fjellstyret fatta følgjande vedtak:

*Lom fjellstyre vil ikkje gå med på ei endring av grensene til jaktfeltet. Fjellstyret grunnjev dette med at avgrensinga var nøye vurdert av fjellstyra, kommunane og fylke i samband med oppretting av jaktfeltet, og at det er meir naturleg at områda øst for Memurubu og øst for Svarva i tilfelle soknar til jaktfelt og viltområde i Sjødalen.*

*Fjellstyret meiner at teljande areal for jaktfeltet må leggjast til grunn for fordeling av inntekter og tildeling av jakt, og at registreringa av teljande areal utført i 1991 er dekkjande for jaktfeltet. Det er lite truleg at ei ny oppmåling vil gje vesentlege endringar i den prosentvise arealfordeling mellom fjellstyra og det er samstundes uheldig om ein får ein reduksjon i teljande areal slik som det er førespegla frå kommunen.*

*Dersom Vågå fjellstyre meiner at oppmålinga av teljande areal frå 1991 ikkje lenger er dekkjande, så er Lom fjellstyre villige til å stille i eit møte for å diskutere saka.*

*Fram til ein får ei avklaring i saka må gjeldande avtale leggjast til grunn. For å få ei rett høvestal i tildelinga mellom Lom og Vågå, må det vera jaktlag frå Lom som skal stå for tur i 2021.*

### *Vurdering:*

Når det gjeld historikken omkring storviltjakta ved Gjende i nasjonalparken, så blir det vist til saksutgreiinga i båe sakene. Det er berre å konstatere at fjellstyra er ueinige i dei faglege vurderingane i saka. Det er tross alt 30 år sidan det teljande arealet vart revidert sist gong, og da var tilhald av elg i Gjendeområdet grunnlaget for arealgrensene. Nå har vi fått ein bra bestand av hjort i området, som held til der heile året, og som også nyttar område utanfor dagens teljande areal, spesielt frå Tjønnholåe og austover. Det er etter vår vurdering og lokalkunnskap meir naturleg å innlemme dette området saman med jaktfeltet ved Gjende i nasjonalparken enn til jaktfelt inst i Sjodalen.

Sidan fjellstyra er ueinige i behovet for ein gjennomgang av det teljande arealet, så bør fjellstyret trekkje seg ut av samarbeidet. Da blir det opp til kvart enkelt fjellstyre å ta stilling til vidare jaktopplegg på sin grunn. For vår del vil det med dagens hjortebestand, vera aktuelt med hjortjakt i området. Dersom Lom fjellstyre også opnar for hjortjakt i Gjendeområdet, vil det vera naturleg med eit visst samarbeid om kvote, for å unngå «overbeskatning» av bestanden. Så får tida vise korleis hjortebestanden i området utviklar seg. Og kanskje det også ein gong i framtida vil etablere seg ein haustbar elgbestand der att også, slik at det kan bli opna for elgjakt att.

Opphøyr i felles jaktområde betyr ei endring av grensene for vald, som må varslast til kommunen etter reglane i § 14 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Frist for dette er 1. mai, og båe kommunane må nok varslast sidan det blir endringar i grenser både for valdet Bøverdalen viltområde og for valdet Vågå Sør viltområde. Det vart elles orientert om saka og prata om den på årsmøte til Vågå JFF i vinter.

### **Innstilling til vedtak:**

Ang. storviltjakta ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, så viser fjellstyret til saksutgreiinga og trekkjer seg ut av samarbeidet med Lom fjellstyre om felles jaktområde. Med dagens bestand av hjort i området, er fjellstyret innstilt på å ha eit eige opplegg for hjortejakt framover på Vågåsida i nasjonalparken.

Vedtaket inneber ei endring av grensene for bestandsplanområda Bøverdalen viltområde og Vågå Sør viltområde. Dei ansvarlege for desse vil bli varsla på vanleg måte etter reglane i § 14 i «Forskrift om forvaltning av hjortevilt», og blir bede om å følgje opp endringa med varsling til dei to aktuelle kommunane.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

### *Rett utskrift. Går til:*

Lom fjellstyre  
Bøverdalen viltområde  
Vågå Sør viltområde

### *Kopi til:*

Lom kommune  
Vågå kommune  
Vågå JFF

Vågåmo, 14.04.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no